



Møre og Romsdal fylke

## saksframlegg



Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
02.01.2009	MR 63/2009	Anita Steinbru

Saksnr	Utval	Møtedato
YN-1/09	Yrkesopplæringsnemnda	12.01.2009
UD-1/09	Utdanningsutvalet	12.01.2009
U	Fylkesutvalet	26.01.2009

## Fagopplæring for framtida - NOU 18/08 - innstilling frå Karlsenutvalet, høyringsuttale frå Møre og Romsdal fylke

### Bakgrunn

Karlsen-utvalet la fram si innstilling NOU nr 18/08 Fagopplæring for framtida i oktober.

Utvalet gir ei grundig framstilling av fag- og yrkesopplæringa og dei utfordringar vi står overfor i eit arbeidsliv i stadig raskare omstilling. Mykje av analysen til utvalet er samanfallande med vurderinga i OECD-rapporten om fagopplæringa i Norge som kom på same tid. Der vart det mellom anna peikt på behov for betring når det gjeld gjennomførig, kvalitetssikringssystem og system for kvalifisering av instruktørar og lærarar.

Utvalet går i kap 4 igjennom utviklingstrekk i arbeidslivet som får konsekvensar for fag- og yrkesopplæringa. Her blir det konstatert at eit større behov for arbeidskraft framover, mellom anna i pleie- og omsorgssektoren i kommunane, krev at

- ein større del av ungdom må gjennomføre grunnopplæring med kompetanse som gjer dei i stand til å delta i eit krevjande arbeidsliv i stadig omstilling.
- utdanningssystemet må vere i stand til å gi tilbod til arbeidstakarar utanfor, eller som er i fare for å bli skjøve ut av yrkeslivet.
- utdanningssystemet må ha ordningar som gjer at innvandrarar kan få supplert sin kompetanse tilpassa behov i norsk arbeidsliv.

Større behov for kompetanse i arbeidsstyrken gjer at fag- og yrkesopplæringa må bidra til mindre avbrot i opplæringa utan nådd yrkes- eller studiekompetanse og til at fleire vaksne fullfører si utdanning. Karlsenutvalet si innstilling er prega av eit langsiktig perspektiv. Dei peikar og på at **miljøutfordringane** krev kunnskap om miljø og arbeidsmiljø og stor innovasjons- og omstillingsevne.

Det blir behov for **større fleksibilitet** i fag- og yrkesopplæringa, mellom anna

- høve til å auke omfanget og spesialiseringssgrad i einskilde fag,
- gode høve til overgang til fagskolar, høgskolar og universitet,

- mest muleg breidddekompetanse for flest muleg,
- tilbod om oppdatering til arbeidstakarar og
- tilbod om ny yrkesutdanning når det ikkje lenger er behov for kompetansen til arbeidstakarar.

Fag- og yrkesopplæringa må vidare bli organisert slik at ein kan få til raske omstillingar utan å gjennomføre store reformer, og ein må ha eit godt fungerande kvalitetssikringssystem.

Karlsenutvalet si innstilling inneholder desse tiltaksområda:

1. Betre gjennomføring av vidaregåande opplæring
2. Utbygging av fagskoleutdanning som ein karriereveg for fagarbeidarar
3. Betre overgangar mellom fag- og yrkesopplæringa og fagskolar og høgare utdanning
4. Fleire vaksne med yrkeskompetanse
5. Betre kvalitet i fag- og yrkesopplæringa
6. Rekruttering og kompetanseheving av yrkesfaglærarar
7. Meir forsking og dokumentasjon
8. Meir internasjonalisering

#### Kommentarar frå dei vidaregåande skolane

Fagopplæring for framtida vart diskutert på rektormøtet 5. desember, og fire vidaregåande skolar har sendt inn sine kommentarar.

Haram vidaregåande skole og Romsdal vidaregåande skole er opptekne av anerkjenning av det fireårige TAF-tilbodet. Borgund og Ørsta vidaregåande skolar viser til den nemnde OECD-rapporten, og dei er opptekne av korleis ein kan gje elevar med store kunnskapsmanglar når dei kjem inn i vidaregåande opplæring betre føresetnader for å gjennomføre. Dei føreslår eit ekstra opplegg, til dømes eit eige oppstartsår i skolen for å læring av sosiale og andre grunnleggande ferdigheter, gjerne i eit samarbeid mellom NAV og OT.

Uttalene frå KS og Utdanningsforbundet er lagt ved saksframlegget saman med høyringsbrevet frå Kunnskapsdepartementet.

#### **2. Vurdering - kommentarar frå Møre og Romsdal fylke**

Møre og Romsdal fylke seier seg samd i synspunkta til utvalet om utviklingstrekk og utfordringar for fag- og yrkesopplæringa. Krav til omstillingsevne, tilgangen på læreplassar, satsing på kompetansehevingstiltak for lærarar/instruktørar, og sikring av kvalitet i opplæringa på vg3-nivå blir særleg aktualisert no når vi går inn i ein lågkonjunktur i næringslivet med mindre etterspørsel etter arbeidskraft. Det er viktig å ha gode partnarskap med arbeidslivet for å sikre tilgangen på læreplassar. Møre og Romsdal fylke er samd i at ein må sjå på tiltak som forpliktar både offentleg og privat sektor i dette arbeidet.

Innstillinga til Karlsen-utvalet inneholder framlegg om over 80 tiltak, men utvalet gir ikkje ei inngående drøfting av økonomiske konsekvensar av iverksetting av tiltaka.

Utvalet har heller ikkje foreslått ei prioritering mellom tiltaka. Møre og Romsdal fylke ønsker denne prioriteringa ved gjennomføring av tiltak:

- Tiltak for betre gjennomføring av vidaregåande opplæring gjennom tidleg innsats
- Utvikling av fleksible opplæringsordningar
- Kompetansehevingstiltak for lærarar og instruktørar

Når det gjeld fleksible opplæringsordningar må ein både sjå på utviding av tilboda i samarbeid med arbeidslivet (praksisrevordninga, lærekandidatordninga), og på kva måte ein kan styrke elevar med manglande grunnleggande ferdigheter ved inntak i vidaregåande skole. Det kan vere aktuelt med eigne tidsavgrensa opplegg for elevar som har behov for styrka skoletilbod i starten for å få sosiale og andre grunnleggande ferdigheter på plass før dei eventuelt kan ta delar av opplæringa i bedrift. Lærekandidatordninga blir til dels nytta slik her i fylket, ved at elevane først er eit til to år i skole med tilpassa opplæring for å sikre at føresetnader for å lukkast i opplæring i bedrift er på plass.

Under følgjer kommentarane frå Møre og Romsdal fylke på dei einskilde tiltaka som er skissert i utgreiinga. Avsnitta som vi er bedne om å uttale oss om, er sett i kursiv. Våre kommentarar er i normalskrift.

### **1) *Betre gjennomføringa i vidaregåande opplæring jf. utgreiinga avsnitt 6.3***

- *Forsøk med bruk av insentiv i fylkeskommunen for å auke gjennomføringa*

Karlsenutvalet føreslår forsøk med bruk av økonomiske insentiv for å påverke gjennomføringsresultatet i vidaregåande opplæring. Møre og Romsdal fylke er i mot å bruke gjennomføringsresultat som grunnlag for fordeling av midlar mellom fylka. Gjennomføring ved den enkelte skole må sjåast i høve til inntakspoeng, og gjennomsnittlege inntakspoeng varierer mellom fylke, by og land og mellom skolar. Fylke med svak gjennomføring og skolar med låge inntakspoeng vil såleis i utgangspunktet ha større utfordringar i høve til gjennomføring enn skolar med høge inntakspoeng. Møre og Romsdal fylke går inn for at det sentralt blir sett av midlar til å støtte prosjekt i fylka som har ein god gjennomføringseffekt.

Manglande gjennomføring av vidaregåande opplæring heng saman med mange faktorar, og dette er inngåande drøfta i st.meld 16, 2006-7 ...Og ingen sto igjen. Her vart det lagt vekt på behovet for tidleg innsats og betre samanheng mellom ulike trinn i opplæringa frå barnehage til og med opplæring på vidaregåande trinn for å få fleire til å fullføre med bestått yrkeskompetanse eller studiekompetanse. Eit godt samarbeid mellom ungdomstrinnet og vidaregående trinn er svært viktig, både for å førebu elevane, og for å kartlegge kunnskapsstatus ved inntak og behov for tilrettelegging. Fleire av Karlsen-utvalets framlegg til tiltak er i samsvar med dei satsingsområda vi alt har i gjennomføringsarbeidet. Møre og Romsdal vil peike på at vi først og fremst manglar kunnskap om kva tiltak som har effekt i dette arbeidet.

- *Yrkesretting, særlig framlegga om at læreplanane i fellesfaga gjennomgåast slik at læreplanmåla egnar seg for yrkesretting og utarbeidning av forpliktande rettleiingar for yrkesretting*

Med yrkesretting meines fagstoff, læringsmetodar og vokabular som er relevant for yrkesutøvinga. Møre og Romsdal fylke er samd i at det må bli gitt tydelege signal både frå sentralt hald og skoleeigar om krav til yrkesretting av fellesfag. Krav om å gjere lærestoffet praksisrelevant må bli tydeleg i læreplanane, og det bør leggast vekt på utvikling av rettleiingar og kompetanseheving av lærarar i høve til dette. Møre og Romsdal fylke ønsker likevel ikkje at yrkesrettingskravet innskrenkar høvet til å drive opplæring i fellesfag i samanslåtte grupper.

- *Fylkeskommunens plikt til å tilby plassar til alle søkerar til helse- og sosialfag*

Det har ikkje vore noko problem å gje alle søkerar eit skoletilbod dei siste åra, men Møre og Romsdal fylke seier seg samd i å prioritere helse- og sosialfaga, spesielt i vaksenopplæringa. Hovudutfordringa blir å få unge til å søkje dette opplæringstilbodet. Kapasiteten må generelt vere tilpassa tilgangen på læreplassar i arbeidslivet.

- *Justering av lærlingtilskottet*

Ein situasjon med mindre tilgang på læreplassar, vil aktualisere behovet for likestilling av tilskottet til elevar og lærlingar. Større økonomisk kompensasjon vil truleg virke motiverande for bedrifter som er i tvil om å ta inn lærlingar. Kvaliteten på vg3 i skole som alternativ til læreplass heng både saman med eit godt samarbeid med næringslivet og dei økonomiske rammene ein har til rådvelde. Differensiering av tilskottet vil kreve meir administrativt arbeid. Møre og Romsdal fylke går difor ikkje inn for dette, bortsett frå når det gjeld ekstra tilskott til tilrettelegging i lærekandidatordninga og praksisbrevordninga. Likestilling av lærlingtilskottet med ramma for elevkostnaden vil medføre store økonomiske utlegg. Ei slik endring må føre til auke i den økonomiske ramma til fylkeskommunane.

- *Ekstra tilskott til lærebedrifter som teiknar lærekontrakt med elevar med spesielle oppfølgingsbehov*

Det er behov for ekstra tilretteleggingtilskott til lærebedrifter som teiknar lærekontrakt med søkerar med spesielle oppfølgingsbehov. Dette gjeld mellom anna opplæringskontraktar og avvikande lærekontraktar. Midlar til dette bør gå inn i ramma til fylkeskommunen, slik at det blir like vilkår for alle uansett bustadfylke. I Møre og Romsdal er det avsett 2,5 mill kr av fylkesramma til lærekandidatordninga, og tilretteleggingstilskottet kan variere frå 16000 kr til 50 000 kr i opplæringsperioden. I fylket har vi no 60 løpende opplæringskontraktar, om lag det same omfanget vi har hatt dei siste åra. Det er og teikna fleire opplæringskontraktar rett etter ungdomsskolen her i fylket – tilsaman har vi teikna 17 opplæringskontraktar med 16-åringar og 29 opplæringskontraktar med 17-åringar sidan ordninga starta i 2001. Vi trur at det relativt høge talet på lærekandidatar i vårt fylke over fleire år samanlikna med gjennomsnittet for landet, heng saman med kompensasjonsordninga for ekstra tid som går med til lærekandidatar med behov for ekstra oppfølging/tilrettelegging. Vi legg og vekt på eit godt samarbeid med avgjevarskole, PPT, NAV og lærebedrifter etter kva den aktuelle søkeren har behov for, ordninga er difor tidkrevjande å forvalte.

Ei toårig praksisbrevordning, som er under utprøving i nokre fylke, kan vere aktuell for skoletrøtte elevar og søkerarar som ikkje er motiverte for vanleg skolegang, og som ønsker eit kortare praksisretta opplæringsløp. Ei god praksisbrevordning avheng av at arbeidslivet godkjenner og verdsett denne ordninga. Ved innføring av ordninga må fylkeskommunane få midlar både til å dekke tilskottet til lærebedrift og kostnadene til opplæring i dei tre fellesfaga det blir lagt opp til. Møre og Romsdal fylke går inn for at ein nyttar omgrepet **grunnkompetanse** for sluttkompetansen ein oppnår på delar av læreplanen. Det er ønskeleg å finne eit namn på ordninga som ikkje bidrar til samanblanding med andre ordningar.

- *Alle elevar som ikkje får lærepass får rett til to års yrkesfagleg opplæring*

Tilbod om to års opplæring i skole vil truleg ikkje vere eit attraktivt tilbod for dei elevane som er innstilte på eit yrkesfagleg løp med opplæring i bedrift. Vi har låg gjennomføringsprosent på vg3 tilboda i skole som alternativ til opplæring i bedrift i lærefag der vi manglar lærepassar. Det er likevel truleg at fleire vil gjennomføre vidaregåande opplæring om dei kan bruke lenger tid på det. Krav til innhaldet i opplæringa, mellom anna god praksisretting, er ein føresetnad for å lukkast i dette. Gjennomføring av dette tiltaket vil få økonomiske konsekvensar som må kompenserast gjennom auke i rammene til fylkeskommunen.

- *Dagens rådgivningsressurs doblast*

Møre og Romsdal fylke er samd i å auke den samla ressursen til rådgiving i grunnopplæringa. Den bør ikkje einsidig knyttast til bestemte funksjonar, for arbeidet kan bli organisert på fleire måtar. Det er ikkje minst viktig å auke ressursen i høve til rettleiinga på ungdomstrinnet og dei vidaregåande skolane si rolle i dette, for det er i denne fasen ein skal legge grunnlaget for riktige utdanningsval på vidaregåande trinn. Framlegget vil medføre behov for auke i ramma til kommunar/fylkeskommunar

- *Opprettning av nasjonalt senter for karriererettleiing*

Møre og Romsdal fylke kan ikkje sjå behovet for eit nasjonalt senter for karriererettleiing. Dette vil binde opp store ressursar på ein stad, og i mindre grad komme heile landet til gode. Vi ønsker snarare ei utbygging av dei regionale sentra for karriereveiledning for å auke tilgjenge av slike tenester til heile befolkninga.

## **2) Utbygging av fagskoleutdanning som ein karriereveg for fagarbeidarar jf. utgreiinga avsnitt 6.4**

- *Satsing på fagskoleutdanninga og organiseringa av denne*
- *Økt offentleg finansiering av fagkoleutdanninga*

Møre og Romsdal fylke har stor aktivitet på fagskoleområdet, spesielt når det gjeld tekniske og maritime fag. No er også fleire vidaregåande skolar i ferd med å søkje NOKUT om godkjenning for fagskoletilbod i helse- og sosialfag. Fagskoletilboda i h/s faga er under oppbygging og innføring av nye tilbod som dekker fleire læreplanar her vil krevje auke i løyvingane til fagskolen ut over dei midlane som er avsett i statsbudsjettet for 2009-10. Tilboda i den tekniske fagskolen er og underfinansiert frå staten si side. Det gjeld spesielt dei maritime tilboda. Møre og

Romsdal fylke meiner at fagskoletilboda bør få statleg fullfinansiering som ein del av det offentlege utdanningstilbodet.

### **3) Tiltak for å betre overgangar frå fag- og yrkesopplæringa til fagskoleutdanning og høgare utdanning jf. utgreiinga avsnitt 6.4**

- *Utbygging av Y- vegen til fleire fagområde*

Utbygging av Y-vegen vil vere særleg aktuelt og positivt i høve til inntak på sjukepleiarutdanninga for helsefagarbeidrarar.

- *Sette ned aldersgrensa for realkompetansevurdering*

§3.1 i opplæringslova har fått eit tillegg: "Ungdom med rett til vidaregåande opplæring etter paragrafen her kan, etter søknad og når det ligg føre særlege grunnar, i staden få vidaregåande opplæring etter §4A-3". Møre og Romsdal fylke meinar at denne retten også må omfatte retten til realkompetanse i visse høve, der det ligg føre eit grunnlag for slik vurdering.

- *Alle som har fullført vidaregåande er generelt studieførebudde uavhengig av utdanningsprogram*

Møre og Romsdal ønskjer å støtte tiltak som gjer yrkesfaga attraktive for ungdom, men er og opptatt av å sikre at elevane har føresetnader for å gjennomføre den utdanninga dei vel, både i vidaregåande og i høgare utdanning.

Ei ordning som seier at alle som har fullført vidaregåande opplæring er formelt studieførebudde vil få konsekvensar for inntak og gjennomføring av høgare utdanning. Dette vil krevje at høgskolar og universitet legg undervisninga til rette for elevar utan tradisjonell studiekompetanse, med innføringskurs i studieteknikk, skrivetrening og evt forkurs i fag som krev eit visst nivå for å gje meistring. Det er også grunn til å tru at fleire studium då vil krevje ei form for spesiell studiekompetanse ved opptak. Sjå også kommentarar under neste punkt.

### **Anerkjenning av TAF-ordninga**

Den såkalla TAF-ordninga er kort beskrive på s 26 i NOU-en. Det er 3-4 fylke som har elevar i dette 4-årige løpet mot fagbrev og spesiell studiekompetanse, først og fremst til ingeniorstudia. Ordninga har hatt status som forsøk heilt sidan 1992 og har reint pedagogisk fungert svært godt. Samarbeidsbedriftene er nøgde fordi

- dei får knytt ressurssterk ungdom til lokalt næringsliv gjennom fireårige kontraktar
- dei i neste omgang får ingeniørar med kunnskap om den praktiske utføringa av oppgåvene
- dei får fleire jenter inn i typiske mannsyrke (1/3 av TAF-elevane på TP er jenter)

Dei skolane som har ordninga, utviklar tette og omfattande samarbeidsrelasjonar til lokalt og regionalt næringsliv, noko som også kjem dei som går i ordinære 2+2-løp til gode.

At ordninga etter 16 år framleis er definert som forsøk, er eit forvaltingsmessig problem når dokumentasjon skal skrivast ut. Det er derfor eit sterkt ønske frå dei 13 skolane som har TAF, at ordninga får ein formell status nedfelt i det årlege Rundskriv 12 frå KD. Det vil spare skolane og elevane/lærlingane for mykje ekstraarbeid og gjere det lettare for t.d. Samordna Opptak å saksbehandle søkjarar med denne utdanninga.

TAF er ei krevjande ordning både for eleven, skolen og lærebodriftene. Det bør ikkje vere til hinder for at ein, der forholda ligg til rette for det, skal kunne utvikla ordninga vidare.

- *Rett til å ta kurs i fellesfag etter oppnådd fagbrev*

Sjølv om alle som fullfører vidaregåande opplæring får studiekompetanse, kan ein slik rett bidra til å gjere fleire elevar meir studieførebudde. Det blir eit val då om det er dei vidaregåande skolane eller høgskolane som må sikre at studentane har føresetnader for å gjennomføre eit studium. Om framlegget om studiekompetanse til alle som fullfører (og består) vidaregåande opplæring ikkje går igjennom, blir ein rett til kurs i fellesfag viktig. Ein rett til kurs i fellesfag for dei som har oppnådd fagbrev, kan truleg auke motivasjonen for å velje enkelte yrkesfag. Ein slik rett vil få økonomiske konsekvensar som må føre til auke i statlege overføringer til fylkeskommunane.

#### **4) Tiltak for å få fleire vaksne med yrkeskompetanse jf. utgreiinga avsnitt 6.5**

- Motivasjonsordningar
- Ordningar for finansiering av livsopphald for vaksne
- Nasjonale prinsipp for realkompetansevurdering av vaksne som ønsker å ta vidaregåande opplæring

Det vil vere behov både for motivasjonsordningar og ordningar for finansiering av livsopphald for vaksne som treng og ønsker utdanning. Når det gjeld vidaregåande opplæring for vaksne, er det behov for styrking av den fylkeskommunale ramma til vaksenopplæring for å dekke behovet til dei vaksne som no står att utan fullført opplæring. Dei vil ha eit større behov for motivasjonstiltak, tilrettelegging og lese- og skrivetrening. Det er også behov for styrka ramme i høve til behov for omskolering av vaksne som må skifte jobb i tider med høgare arbeidsløyse.

Møre og Romsdal fylke kan ikkje sjå at det er behov for fleire nasjonale prinsipp for realkompetansevurdering. Realkompetansevurdering skal skje i høve til læreplanane for vidaregåande opplæring, og det er lærarar i vidaregåande skolar som har kompetanse til å vurdere denne.

#### **5) Tiltak for å betre kvaliteten i fag- og yrkesopplæringa jf. utgreiinga avsnitt 6.6**

##### **Utvalets prioritering av innsatsområde og vidareutvikling av eit nasjonalt kvalitetsvurderingssystem**

- *Bruk av tilsyn som grunnlag for kvalitetssikring av fag- og yrkesopplæringa*
- *Styrking av kompetansen om fag- og yrkesopplæringa hos Fylkesmannen*

Møre og Romsdal fylke meiner at den beste måten å styrke kvaliteten i fag- og yrkesopplæringa er å styrke det fylkeskommunale apparatet som skal sjå til at lærebedriftene følger opplæringslova med forskrifter. Oppfølging av lærebedrifter og rettleiing i høve til lærebedrifter krev kapasitet, tid, kompetanse og system for oppfølging og kvalitetssikring. Opplæringslova gir oss no eit grunnlag for å utvikle dette jf § 4.7 Internkontroll i lærebedrifta, og forskrifta §11-3 Rapportering frå lærebedrifta. Møre og Romsdal går snarare inn for å styrke dette apparatet m o t rettleatings- og oppfølgingsansvaret til fylkeskommunen enn å satse einsidig på styrka tilsyn.

Om ein vel å styrke Fylkesmannen sin tilsynsfunksjon i høve til heile fag- og yrkesopplæringa, må han tilførast kompetanse om feltet.

## **6) Tiltak for rekruttering av yrkesfaglærarar jf. utgreiinga avsnitt 6.7**

- *Opprettning av bachelor- og masterstudium for yrkesfaglærarar i alle utdanningsprogram*

Det er eit stort behov for pedagogisk kompetanse hos yrkesfaglærarane, fordi utfordringane er størst i denne elevgruppa med tanke på fullføring. Rekruttering av yrkesfaglærarar varierar med konjunktursvingingar, og mange blir tilsett utan pedagogisk kompetanse i utgangspunktet. Det er få søkerar til tilboda i yrkesfaglærarutdanningane. Satsing på PPU, som ein integrert del av skolekvarden, vil difor vere ein rett veg å gå.

I NOU 18/08 er det peikt på at miljøutfordringane vi står overfor, mellom anna klimaendringar og sårbar energitilgang, stiller nye kompetansekrav til produksjon og byggeverksemd. Møre og Romsdal fylke meiner at både læreplanar og lærarutdanninga må femne desse utfordringane, og bidra til høgare kompetanse og innovasjonsevne hos elevane for å møte desse utfordringane framover.

- *Tydelegare ansvar for fylkeskommunen for å tilby etterutdanning og læraranes plikt for å delta*

Skoleeigars ansvar er alt presisert i opplæringslova §10-8. Økonomiske rammer er ein føresetnad for ta eit tydeleg ansvar for etterutdanning av yrkesfaglærarar.

- *Krava til rettleiingskompetanse hos instruktørane styrkast*
- *Stipendordningar og lønekompensasjonsordningar*
- *Hospitering for personale i skole og arbeidsliv*

Vi er samde i å styrke rettleiingskompetansen hos instruktørane. Gjensidig hospitering i skole og arbeidsliv er gode tiltak som alt er tatt i bruk nokre stader.

## **7) Meir forsking og dokumentasjon på fag- og yrkesopplæringa jf. utgreiinga avsnitt 6.8**

*Etablering av eitt eller fleire forskingssenter for forsking på fag- og yrkesopplæringa og organiseringa av dette.*

Eit eige forskingssenter er, etter Møre og Romsdal fylke sitt syn, ikkje vegen å gå. Det er opplagt eit behov for meir forsking på fag- og yrkesopplæringa her i landet, og gjerne i eit samanliknande internasjonalt perspektiv. I staden for å etablere eige senter, bør dei eksisterande fagmiljøa bli styrka.

### **8) Meir internasjonalisering jf. utgreiinga avsnitt 6.9**

- *Styrke den norske deltagninga i internasjonale undersøkingar og internasjonalt samarbeid*
- *Etablering av tilskottsordningar for hospiteringar i utlandet for elevar og lærlingar, lærarar og instruktørar*

Det er positivt å utvikle dei internasjonale mobilitetsordningane vidare, både når det gjeld geografiske område og når det gjeld innhald. Søkarprosessen på ulike tilskottsordningar bør ikkje vere så kompliserte og tidkrevjande at opplæringskontor og lærebedrifter ikkje har kapasitet eller kompetanse til å søke. Etter Fylkesmannen sitt tilsyn med minste årstimaltal, ser det ut til at utplasserte elevar må ha med lærar for å få utplasseringsperioden godkjend som del av opplæringa. Ei slik tolking vil få både praktiske og økonomiske konsekvensar.

### **Forslag til vedtak:**

Utdanningsutvalet rår til at fylkesutvalet sluttar seg til framlegg til høyringsuttale, slik det kjem fram i del 2 i saksframlegget: Vurdering – kommentarar frå Møre og Romsdal fylke.

Per Hoem  
fylkesutdanningsdirektør

Vedlegg 1 Høring – innstilling til utvalet for fag- og yrkesopplæringa/Karlsenutvalget  
Vedlegg 2 Høring frå KS  
Vedlegg 3 Høring frå Utdanningsforbundet Møre og Romsdal